



Geir Åge Melheim
Hafslovegen 34
6869 Hafslo

Dykkar ref.

Vår ref.

22/1228 - 16

Dato

06.12.2022

Referat Oppstartsmøte detaljreguleringsplan Hillestadmarki

Dato:

17/11.22- Til stades: Geir Åge Melheim, Knut Vidar Svanheld

30/11.22- Til stades: Geir Åge Melheim, Inger Handegård, Knut Vidar Svanheld

Møte vart halde 2-delt, då det kom inn litt justerte føresetnadar etter det fyrste oppstartsmøtet.

1. Oppstartsmøte gjaldt detaljreguleringsplan Hillestadmarki, planid 2022007. Planinitiativ vart vedteke i plan- og forvaltningsutvalet i møte 03.11.22 (sak PFU-81/22). Følgjande vedtak vart gjort:

PFU - 81/22 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet tilrår at rådmannen kan gå vidare med saka som planinitiativ. Rådmannen har fullmakt til å kalle inn til oppstartsmøte.

2. Planinitiativet var omfattande med omsyn til vurderingar av planfaglege tema. Desse vart gjennomgått og drøfta korleis ein skulle implementere desse i ei planomtale, samt tema som må omtalast betre. Av det siste kan nemnast:
 - Trafikkløysingar/ kryssproblematikk/ avkøyringar
 - Forureiningsfare
 - Miljøtilstand bekk
 - Visualisering av tiltak
 - Vurdering av klimaspørsmål
 - Tilgang til bakanforliggende areal

3. I planinitiativet var det skissert to tomter. I etterkant viste det seg eit behov for den tredje tomte. Møte 2 var for å drøfte utviding av planområdet, samt ny gjennomgang av tema over.
4. Luster kommune stiller krav om at planforslag vert levert digitalt, og med kart i sosi-format. Kommunen har i visse høve teke på seg å konvertere/ digitalisere kart der ein har fått eit godt grunnlag i anna format på timesbasis. Dette vart drøfta som ei mulegheit i denne saka.
5. Ein muleg framdriftsplan vart drøfta med mål om vedtak av planen før sumarferien.
6. Luster kommunen har konkludert med at tiltaket ikkje utløyer krav om konsekvensvurdering, jf forskrift om konsekvensvurdering. All den tid tiltaket ikkje er i tråd med overordna plan, er det ein føresetnad med ei omfattande planomtale som tek føre seg og drøftar godt aktuelle planfaglege tema, jf også pkt. 2.
7. Luster kommune tilråd at det formelle planarbeidet startar opp med grunnlag i planinitiativ og seinare drøftingar.

Ref: Knut Vidar Svanheld

Med helsing

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.